



Karl Atle Taule
Radøyvegen 1400
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/732 - 19/6345

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@radoy.kommune.no

Dato:
23.04.2019

Miljøsak Gbnr 52/31 Kolstad - minireinseanlegg - søknad om løyve til til tiltak med ansvarsrett - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 099/2019

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-1

Adresse : **Radøyvegen 1400**
Tiltakshavar : Karl Atle Taule
Ansvarleg søker : Stendal VVS AS
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett

Saksutgreiing:

Søknaden gjeld etablering av minireinseanlegg på eigedom gnr. 52, bnr. 31 Kolstad. Anlegget vert knytt til ein bustad med adresse Radøyvegen 1400. Utsleppet si størrelse er opplyst til 5 pe.

Det er i sak 100/2019, datert 23.04.2019 gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova for utslepp av sanitært avløpsvatn. Det vert elles vist til søknad mottatt 03.04.2019 og supplert 23.04.2019.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy er definert som LNF-område.

Dispensasjon

Radøy kommune vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon frå arealformål LNF i kommuneplanen. Tiltaket erstattar ein eksisterande slamavskiljar og vert utført som eit skjult anlegg utan vesentlege eller synlege terrenginngrep.

Nabovarsel

Tiltaket er ikkje nabovarsla i samsvar med PBL. § 21-3. Radøy kommune vurderer at nabovarsling kan unnlatast, då arbeida i liten grad rører ved naboar eller gjenbuars interesser. Vurderinga er gjort ut frå at her vert ein eksisterande slamavskiljar skifta ut med eit minireinseanlegg, og tilhøva rundt avlaupsanlegget vert oppgradert.

Plassering

Plassering er vist i situasjonsplan datert 11.12.18.

Tiltaket skal plasserast delvis på eigedomen gnr. 52 bnr. 2. Det ligg føre slik tinglyst avtale datert 12.04.16:

«Plassering av septik-/minireinseanlegg med nødvendig grøfting»

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendringar. Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrenginngrep.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Flom, skred og andre natur- og miljøforhold

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flom, skred eller andre natur- og miljøforhold som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommune har lagt denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING/GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlagt berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Tiltaket er godkjent i tiltaksklasse 1.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980 626 180, har erklært ansvarsrett som ansvarleg søker (SØK). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980 626 180, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde PRO, prosjektering skifte frå slamtank til reinseanlegg.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Føretaket **Stendal VVS AS**, org.nr. 980 626 180, har erklært ansvarsrett for ansvarsområde UTF, utføring skifte frå slamtank til reinseanlegg.

Føretaket har ikkje sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

FØRETAK	S*	FUNKSJON	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
Stendal VVS AS , org.nr. 980 626 180	S	SØK	1	Ansvarleg søkjar
Stendal VVS AS , org.nr. 980 626 180	S	PRO	1	Prosjektering skifte frå slamtank til reinseanlegg
Stendal VVS AS , org.nr. 980 626 180	S	UTF	1	Utføring skifte frå slamtank til reinseanlegg.

*S = Sentral godkjenning

Det er en føresetnad for vedtaket at føretak og personar som ikkje har sentral godkjenning har utarbeidd og teke i bruk føretakssystem i medhald av føresegn om byggjesakshandsaming av 2010 (SAK10) kapittel 10.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 23.04.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-3 vert det GODKJENT søknad om løyve til tiltak i eitt-trinn som omsøkt for etablering av minireinseanlegg med tilhøyrande leidningsnett på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast i som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Det vert føresett at tiltaket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner. Dersom søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1.
4. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande liggje føre:
 1. Faktisk plassering av tiltaket skal vere innmålt og koordinatar skal vere sendt til kommunen.
 2. Servicekontrakt for drift og vedlikehald skal vere sendt til Radøy kommune.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 30.03.2017 vert det følgjande gebyr i saka:

Kode 10.2.10	Delt sakshandsaming	Kr.	3.200,-
	Totalsum	Kr.	3.200,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf. plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket førar med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve føreligg.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjer stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket si eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsreidegjerung skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan det utstedast mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søker identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå, og angi tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest eller mellombels bruksløyve vert utskrive.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 19/732

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf. forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt konsulent Hogne Askeland.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Hogne Askeland
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stendal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND

Mottakere:

Karl Atle Taule

Radøyvegen 1400 5936

MANGER